

## Gratulerer, du har kome inn på Årsstudium/Bachelor i tradisjonskunst!

Velkommen som student på Universitetet i Sørøst-Noreg. I dette brevet finn du viktig informasjon om ditt studium.

Vi gler oss til å møte deg!



# Hei!

Velkomen som student hjå oss ved USN Campus Rauland!



Gratulerer med valet av Årsstudium/Bachelor i tradisjonskunst – eit studium som gir deg ei heilt spesiell moglegheit til å fordjupe deg i enten instrumentmaking, tre-, metall- eller tekstilhandverk. Du har gjort eit klokt val som gir deg både solid fagleg kompetanse og moglegheiter for ei spennande karriere innan tradisjonskunstfeltet. Våre dyktige lærarar, inspirerande gjesteforelesarar og eit inkluderande studentmiljø gir deg dei beste føresetnadene for både fagleg og personleg utvikling.

Tre gode grunnar til å gjennomføre studiet:

- **Kompetanse:** Du får ei unik utdanning som kombinerer utøvande og teoretisk kunnskap innan tradisjonskunst, handverk og materialkunnskap.
- **Moglegheiter:** Studiet opnar dører til yrkesliv i kulturfeltet, læraryrket, festivalarbeid og meir – både nasjonalt og internasjonalt.
- **Miljø:** Campus Rauland er kjent for sitt kreative og engasjerande studentmiljø, og vart [kåra til det beste studentmiljøet i landet fleire år på rad!](#)

Vi har òg eit sterkt fokus på internasjonalisering, med utvekslingsstudentar frå mange land, moglegheiter for å [studere i utlandet](#), og prosjekt som [Rauland Vinterfestival](#) og NordTradCraft. I tillegg byr Rauland på eit rikt studentliv med aktivitetar som huskonsertar, danseklubb, brettspelkveldar og mykje meir. Kort sagt – her får du ei studietid du vil minnst for livet!

Her kan du lese litt meir om studielivet på Rauland:

- <https://www.usn.no/hub/studietips/rauland-et-studiested-fylt-med-lidenskap-inspirasjon-og-et-unikt-studentmiljo>
- <https://www.usn.no/om-usn/campusene/rauland/>

## Før du startar må du velje materialområde!

Som tradisjonskunststudent må du velje et materialområde; instrumentmaking, tre, metall eller tekstil. Som årsstudent vel du materialområde for heile året, som bachelorstudent vel du for hele bachelorløpet. På den neste side har vi laga ein kort infotekst om kvar materialområde.

I det første året får studenten ei basis innføring. Det er difor ingen forkunnskapskrav til val av materialområde. Det er likevel ein fordel om studenten frå tidlegare har litt erfaring med handverk i vald materialområde.

Vi gjer så godt vi kan for at de får plass på det materialområdet de ynskjer, men det er eit maks tal på kor mange verkstadplasser det er på kvart materialområde.

I dette nettskjema registrerer du både fyrste og andre valet ditt.

Vi har store søkjartal til tradisjonskunst i år så om du vil vera sikker på at du får akkurat det materialområdet du ynskjer bør du vera raskt ute med valet. Det er mogleg å bytte til eit materialområde med ledig plass dei fyrste dagane i oppstartsveka.

Frist for å melde ditt val er 6. august kl. 16.00

Meld frå ditt val [her](#) eller bruk QR-koden.



## Timeplan

Mens dei fleste andre studieprogramma ved USN nyttar TimeEdit for å vise timeplanar, vil timeplanen for studiet ditt bli publisert på Canvas 12. august. For å få tilgang til Canvas må du først [aktivere brukarkontoen din](#).



## Info om dei ulike materialområda:



### **Instrumentmaking:**

På instrumentmaking får du din eigen høvelbenk. Du får låne eit eige verktøysett

Allereie i første semester byggjer du ein langeleik, før du tek steget vidare til å lage di eiga hardingfele i andre semester.

**Tre:** På treverkstaden får alle ein eigen arbeidsbenk. Du lærer sliping, oppsett og bruk av handverktøy, Vi startar med arbeid med rått materiale på hausten. Du lager ein del viktige

verktøy sjølv, samtidig som kvar student har eit verkstøysett til lån.

Materialforståing er eit viktig tema på treverkstaden, samtidig som vi arbeidar med ulike tradisjonelle teknikkar som t.d. uthuling, sveiping, tægerarbeid, treskurd, tredreiing, samanføyningsteknikkar og overflatebehandling.



**Metall:** Alle studentar på metallverkstaden disponera sin eigen arbeidsbenk på verkstaden med tilhøyrande handverktøy. Det blir gitt opplæring i en god del felles verktøy og maskinar. Det vil og bli gitt faste oppgåver og oppgåver som opnar for eigne design. Ellers blir det material-lære og opplæring i grunnleggande teknikkar samt smiing, sandstøping, verktøy-/instrumentmaking, kjedemaking, siselering, trådarbeid, gravering og emaljering.



**Tekstil:** Alle studenter får sin eigen arbeidsplass. Tekstilsalen har 8 flatvever som studentane deler på. Det blir gjeve undervisning i ulike vevteknikkar, bindingslære, behandling og bruk av ulike fiber, farging, saumteknikkar, brodering, mønstertilpassning, strikking og evt andre tradisjonsteknikkar i tekstil.

## **Fellesfag:**

I tillegg til undervisning på verkstaden har studiet emne felles for alle materialområde. Her undervisast i td. tradisjonsomgrepet, teikning, akademisk skriving, kulturhistorie, folkekultur, identitet og nasjonsbygging.

## Oppmøte

Sundag 16. august er det open Campus fra kl. 12.00–15.00 med omvising, bollar og kaffe. Felles oppstart ved USN Campus Rauland er måndag 17. august kl. 09.00.

Programmet for heile oppstartsveka i Rauland ligg her:

<https://www.usn.no/studiestart/program-for-studiestart/campus-rauland/>

Dei første to vekene av studiet blir det arrangert mange sosiale aktivitetar, som konsertar, friluftsturar, grilling og bli-kjent-aktivitetar.

## Krav til PC

Alle studentar må ha eigen PC til bruk i undervising og på eksamen. Her kan du lese om kva slags PC du må ha: <https://www.usn.no/om-usn/e-laring/om-e-laring-og-nettstudier/krav-og-anbefalinger-til-ikt-utstyr-article193194-28779.html>

## Emneplanar og pensumlister

Første året i bachelor i tradisjonskunst tek dei same emna som dei som går årsstudium i folkemusikk. Emneplanane og pensumlister for haustsemesteret kan du lese under:

- [Emneplan for verkstedfag – material, reiskap og teknikk](#)
- [Emneplan for Tradisjonskunst – form og prosess](#)

## Treng du ein stad å bu?

Studentsamskipnaden i Sørøst-Norge (SSN) har studenthusa Bjørk og Furu på Campus Rauland. Du kan søke om hybel gjennom SSN:

- [Bolig og velferd - Universitetet i Sørøst-Norge \(usn.no\)](#)
- <https://www.ssn.no/bolig>
- Private utleigarar: sjekk Facebookgruppa [Studenthybler i Rauland](#)

## Sosiale medier

Fylg oss gjerne på [Instagram](#) eller [Facebook](#)!

Vi anbefaler òg å følgje Facebook-gruppa [Rauland SFO \(Studentfritidsordning\)](#). Dette er ei gruppe for noverande og tidlegare studentar ved USN Rauland, der det blir delt informasjon om studentaktivitetar og liknande.

## Vi legg til rette så du skal lukkast som student

USN tilbyr mange støtteordningar for studentar, mellom anna [akademisk skrivesenter](#), [helserefusjon](#), [samtaletenester](#), [studentrabattar](#), [støtte til å starte studentaktivitetar](#) m.m.

## Treng du tilrettelegging?

Ved USN har vi eit inkluderande læringsmiljø. Difor legg vi, så langt det er mogleg, til rette for at alle med funksjonsnedsetjingar og særskilde behov skal lukkast med studia sine. Ta kontakt med studierettleiar din, eller gå til nettsida vår for meir informasjon om tilrettelegging og søknadsprosessen: [Tilrettelegging og studentstøtte](#)

## Er det noko du lurar på?

Om du har nokre fleire spørsmål før semesterstart, er det berre å ta kontakt!

Ved spørsmål av fagleg karakter, kontakt programansvarleg:

**Terje Nilsen Haugen**

Epost: [terje.n.haugen@usn.no](mailto:terje.n.haugen@usn.no)

Tlf: 31009995

Ved spørsmål om gjennomføring av studiet, kontakt studierettleiar:

**Frøydis Fossli**

Epost: [froydis.fossli@usn.no](mailto:froydis.fossli@usn.no)

Tlf: 31009375

**Ingrid Hamberg**

Epost: [ingrid.hamberg@usn.no](mailto:ingrid.hamberg@usn.no)

Tlf: 35026604

## Zoom-møte for nye studentar

**Torsdag 6. august kl. 12.00** arrangerer vi eit zoommøte for nye studentar på tradisjonskunstInformøte tradisjonskunst. Her kan du stille spørsmål og få litt meir info om studia. Lenke til møtet her:

<https://usn.zoom.us/j/62257660181?pwd=S01sRktJhdK0iRnv3iZP8Kbx9G59bB.1>

Meeting ID: 622 5766 0181

Password: 209641

*«Det kreative miljøet blant studentane pregar definitivt kvardagen. Du høyrer stort sett musikk kvar dag. Stadig vekk får me gleda av å sjå folkemusikkstudentar danse og oppleve at folkekunststudentane stiller ut kunstverka sine. Det skal godt gjere å ikkje bli inspirert av å studere i Rauland.»*

*—Tidlegare student Karianne Svingen Asphaug*

## Velkomen!

Med venleg helsing,

Terje Nilsen Haugen, Frøydis Fossli, Ingrid Hamberg og heile tradisjonskunstteamet ved Campus Rauland

# Velkommen til studentlivet på USN



## Kort vei til foreleser

Åpen dør inn til foreleseren gjør at du lærer bedre og blir en mer engasjert student.



## Mindre er bedre

Litt mindre campuser og litt mindre klasser gir litt lavere skuldre.



## Nye læringsmetoder

Vi hjelper deg å lykkes med studiene gjennom praktiske læremetoder.



## Klar for arbeidslivet

Vi forbereder deg på arbeidslivet og hjelper deg ut i jobb gjennom praksis, mentor-ordninger og internship.